



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Per Steinar Nedkvitne /
90882572

Vår referanse:
15/208288-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.07.2016

Omklassifisering av Rv. 13 ved Mønshaug i Voss kommune – Ynskjer ny uttale

Viser til dykkar tidlegare uttale:

- Fylkesutvalet PS238/2015, møtedato 24.09.2015
- Brev frå Voss kommune v/Arne Reime, datert 07.10.2015

Etter at de gav førre uttale vart det gjort endringar og suppleringar i omklassifiseringsaka. Det er nå denne endringa vi ynskjer uttale til.

I samband med at det er bygd ny veg Rv. 13 Mønshaug – Palmafossen har Statens vegvesen føreteke ein funksjonskontroll av den gamle vegen og funne at den skal omklassifiserast frå riksveg til kommunal veg.




Oversiktskart

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Område for klassifisering

- Frå ny omlagt Rv. 13 vil nå gamlevegen (Rt. 13, hp 14) verta tilkomst til Bjørke og Møn. Vidare vert den gangtilkomst til ny busstopp ved Rv. 13 og vegen vil elles tene som tilkomstveg til gangvegsystem på oppsida av nye vegen. Denne vegen vert føreslege å verta kommunal.



Utsnitt av reguleringsplan

- Likeeins vert Rg. 13, hp 164, gangtilkomst frå Bjørke og Møn til busstopp ved Rv. 13. Denne vert føreslått og å verta kommunal.
- Ny gangtilkomst frå Rg. 13, hp 214 gjennom kulvert under Rv. 13 til busstopp ved Rv. 13. Denne er føreslått å vera i statleg eige. Dette på med bakgrunn i:

«

Kriterier for riksveg etter forvaltningsreformen 1. januar 2010.

I følge St.prp.nr. 72 (2008-2009) Om nokre saker på Samferdselsdepartementets område og st.mld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, skal følgende kriterier for riksveg legges til grunn:

Gang-/sykkelveg


Gang-/sykkelveg langs riksveg skal være riksveg. I byer og tettsteder, kan det i enkelte tilfeller være hensiktsmessig å etablere gang-/sykkelveg et annet sted enn langs riksvegen. Omfanget av riks-gang-/sykkelveg skal da være på samme nivå som riksveg i byen/tettstedet. Der gang-/sykkelveg går langs fylkes- eller kommunal veg, er disse normalt hhv. fylkeskommunale eller kommunale

«



Viser ny g/s-veg (Rv. 13, hp 214) m/gangkulvert *Viser ny busstopp på austsida av Rv. 13*

- I samband med utbetring av Rv. 13 vart avkøyrsla til eigedomane (bustader) gnr. 181, bnr. 35 og gnr. 180, bnr. 2 stengd. Det vart opparbeidd ny veg til eigedomane fram til ny gangtilkomst til busstopp på austsida av av Rv. 13. Det er tillate for desse å køyra på g/s-vegen fram til omlagt Rv. 13 (Rt. 13, hp 14). Denne vegen har fått nemninga (Rg. 13, hp 14 (7130– 7400). Denne vegen skal vera privat.



Viser nyg/s-veg og avkøyrsla som er strengd

I samsvar med veglova § 7 første ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Voss kommune og Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Vegstrekningane dette gjeld er som følgjer:

- Rt 013 Hp 14 Km 8,450 – 8,683 tilsaman 233 meter
- Rg 013 Hp 164 Km 2,700 – 2,766 tilsaman 66 meter
- Rg 013 HP 254 Km 7,200 – 7,403 tilsaman 203 meter
- Rg 013 HP 14 Km 7130 – 7,400 tilsaman 270 meter

Vår tilråding går på at desse strekningane stettar kravet til å verta omklassifisert frå riksveg til kommunal- og privat veg . Strekningane vert overlevert når vedtaket er endeleg avgjort.

- Rt 013 Hp 14 Km 8,450 – 8,683 vert nedklassifisert til kommunal veg
- Rg 013 Hp 164 Km 2,700 – 2,766 vert nedklassifisert til kommunal veg.
- Rg 013 Hp 254 Km 7,200 – 7,403 vert klassifisert til riksveg
- Rg 013 HP 14 Km 7130 – 7,400 vert nedklassifisert til privat veg.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS